



HJELMELAND
KOMMUNE

HJELMELAND NATURLEGVIS!

KOMMUNEPLAN

2019-2031

SAMFUNNSDEL

DOK B



VEDTATT HJELMELAND KOMMUNESTYRE

11.04.19 sak 14/19

02.10.19 sak 44/19



Innhald

01 SAMANDRAG	1
02 INNLEIING	2
03 GRUNNLEGGJANDE RAMER FOR UTVIKLING	4
03.1 Ryfast og andre viktige samferdseltak	5
03.2 Økonomi	5
03.3 Beredskap og ROS	5
03.4 Folkehelse og barnekonvensjonen	6
03.5 Næringsliv og naturressursar	7
03.6 Klimaomstilling/Det grønne skiftet	7
04 VISJON OG HOVUDMÅL.....	10
04.1 Visjon	10
04.2 Hovudmål	10
04.3 Satsingsområde	11
05 NÆRARE OM SATSINGSOMRÅDA.....	13
05.1 Satsingsområde 1 – «Trekantsamarbeidet»	13
05.1.1 Eit inkluderande samfunn	13
05.1.2 Frivilligarbeid	13
05.1.3 Lokal handel.....	14
05.2 Satsingsområde 2 - Næringsutvikling	14
05.2.1 Reiseliv.....	15
05.2.2 Næringsareal og auka samhandling med næringslivet	15
05.2.3 Elnett og ladestruktur.....	16
05.2.4 Digital infrastruktur og vidare satsing på digitale tenester	17
05.2.5 Det grønne skiftet/klimaomstilling.....	17
05.3 Satsingsområde 3 -lokalsamfunnsutvikling	17
05.3.1 Bustadpolitikk.....	18
05.3.2 Oppvekst, helse og omsorg	18
05.3.3 Kultur og kulturarv.....	19
05.3.4 Det grønne skiftet (sjå også 5.2.3-5)	21
05.3.5 Tettstadsutvikling	21
05.3.6 Tettstadsutvikling Hjelmeland sentrum:	22
5.3.6 Idrett og fysisk aktivitet	25
05.3.7 Samskaping/innbyggjarinvolvering	26



Over: «Det grønne skiftet»: ordfører Bjørn Laugaland på elsykkel foran kommunehuset i Vågen. Foto. Anne Kari Skogerbø

01 SAMANDRAG

Kommuneplan for Hjelmeland 2019-2031 bygger på kommuneplanen 2011-2023. Samfunnsdelen (dette dokumentet) er ny, medan arealdelen har gjennomgått ein mindre revisjon. Arealdelen for Hjelmeland sentrum er/vert ferdigstilt noko seinare enn resten på grunn av sentrumsprosjekt og analyse gjennomført 2017/2019.

Samfunnsdelen omtalar ein del grunnleggjande ramer (kap 3) før ein kjem til satsingsområda (kap 5). Desse grunnleggjande ramene er knytt til etableringa av Ryfast, kommunal økonomi, næringsliv og ressursgrunnlag, samt statlege føringar knytt til folkehelse, barnekonvensjon og klimaomstilling .

Visjon, hovudmål og satsingsområde er omtale i kap 4. Visjonen frå sist plan er vidareført: «Hjelmeland Naturlegvis». Nytt hovudmål er formulert slik:

Hovudmål: Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

På bakgrunn av hovudmålet er det formulert tre satsingsområde: 1)Trekantsamarbeidet offentleg/privat/frivillig sektor, 2) Næringsutvikling 3)Lokalsamfunnsutvikling.

I kapitel 5 er det er lagt vinn på å knyta tiltak opp mot konkrete satsingsområde, i staden for tenesteområda. Me ynskjer å synleggjera at det er kommunen som heilskap som skal løysa samfunnsutfordringane og leggja til rette for ei positiv folketalsutvikling. Den meirverdien ein kan få ved å jobba på tvers, og ved å samarbeida med næringsliv og frivillig sektor, er ein føresetnad for å kunne takla framtida med avgrensa tilgang på ressursar.

02 INNLEIING

Kommuneplan for Hjelmeland vart sist revidert sommar/haust 2011. Nytt kommunestyre 2011-2015 vedtok at planen også skulle gjelda i deira periode, jamfør vedteken planstrategi frå 2012. Fire år seinare (september 2016) vedtok inneverande kommunestyre (valde for perioden 2015-2019) at kommuneplanen skulle reviderast. Dette skjedde ved vedtak av kommunal planstrategi 2016-2020, kommunestyresak 59/16.

Bestillinga frå kommunestyret er ein avgrensa revisjon av arealdelen, kombinert med ein ny samfunnsdel. Samfunnsdelen skal gi sterkare prioriteringar, og også innehalda økonomiske målsettingar.

Gjennom arbeid med planprogrammet vinter/vår 2017 vart vidare prosess, visjon, hovudmål og satsingsområde avklart. Planprogrammet vart vedteke i juni 2017, k-vedtak 44/17.

Dokumentpakken «Kommuneplan for Hjelmeland 2019-2031» består av mange element, sjå under. Samfunnsdelen – som er dette dokumentet - er dokument B. Revidert arealdel er dokumenta merka C. Prosessen fram til B og C er skildra i Planskiltringa – dok A. Dokument C er delt i fleire delar, både fordi det her er tale om føresegner/retningslinjer og kart, og fordi den delen som gjeld Hjelmeland sentrum vert ferdig seinare. I sentrum vert det arbeidd med eige prosjekt og analyse i 2017 og 2018.

«Sjølve planen» slik han gjekk fram av høyringspakken frå 30.1.2018:

- A. Planskiltring (prosess og prioriteringar)
- B. Kommuneplan samfunnsdel
- C. 1 Kommuneplanen arealdel med bestemmelser og kart
- C. 2 Kommuneplanen arealdel – arealkart for Hjelmeland sentrum – *kjem seinare, etter sentrumsanalysen*

Tilleggsdokument:

- D. 1: Konsekvensanalyse, risiko og sårbarheitsvurdering nye innspel 2017. Tilråding frå rådmann
- D. 2: Konsekvensanalyse og ROS for det som ligg i planen frå før

Bakgrunnsdokument

- E. Heilskapleg ROS-analyse henta frå beredskapsplanverket
- F. Alle innspel innkomne til varsel om oppstart 2017
- G. Barnetråkkundersøking
- H. Ungdomsundersøking (messengerundersøking 40 ungdomar 16-26 år)
- I. Frivilligstrategi (utkast pr 13.11.17) og rapport utforma av Frivillighet Norge.
- J. Kommunedelplan RV13 Tysdal – Årdal
- K. Plan for kulturminne/kulturarv
- L. Sentrumsstatus 2017 (Leva Urban Design)
- M. Friluftskartlegging (prosjekt i samarbeid med Rogaland fylkeskommune)
- N. Folkehelsekartlegginga for Hjelmeland
- O. Utkast til ladestruktur Sør-Rogaland 2017
- P. Klimarapport for Hjelmeland 2010
- Q. Næringslivsundersøking Hjelmeland 2017
- R. Befolkningsutvikling og kjøpekraft. Analyse frå Rogaland fylkeskommune 2017

Dokumentpakken pluss omtalt planstrategi (2016) og planprogram (2017) er å finna via www.hjelmeland.kommune.no

Høyringsutkastet har vore behandla i areal og forvaltningsutvalet 4.1, formannskapet 10.1 og kommunestyret 30.1.18. Endringar i samband med den politiske behandlinga er innarbeidd i dette dokumentet.

Ved sluttbehandling mars/april 2019 låg denne dokumentpakka føre:

SJØLVE PLANEN

A Planskildring – noko justert i høve til vassdirektivet

B Samfunnsdel – revidert forslag etter høyring, dagsett 25.2.2019

C1 Arealdel – revidert forslag etter høyring, dagsett 25.2.2019

C2 Plankart

TILLEGGSDOKUMENT

D 3 Vurdering av innkomne merknadar frå høyringsrunde – tabell

D4 Supplerande KU/ROS gjeld nye innspel, LNF spreidd bustad og nye akvakulturområde

D5 Vurdering akvakultur: Planframstilling og avklaring nye område – notat

D6 Vurdering byggegrense i sjø – notat

D7 Vurdering Nordskår – notat

MERKNADAR

F2 Merknadar til ordinær høyring vår 2018

F3 Alle innspel til høyring hausten 2018

I junimøtet 2018 vedtok kommunestyret at den nye kommuneplanen skulle leggjast til grunn for sin arealdel har skjedd ved behandling i formannskapet 26.6.18 og 26.9.18, og ved synfaring med kommunestyret 4.9.2018. Det vart gjennomført drøftingsmøte med Fylkesmannen, Kystverket og Rogaland fylkeskommune 31.8.2018. Det var gjennomført meklingsmøte Fylkesmannen 2.4.2019.



Billettekst: Hjelmelandsbrua vart offisielt opna på epledagen 26.9.2018

03 GRUNNLEGGJANDE RAMER FOR UTVIKLING

Kommunal planlegging skjer ikkje i eit vakuum. Statlege føringar og forventingar, og regionalt planverk, gir ramer for kommuneplanlegginga hjå oss. Blant desse har me vald ut nokre punkt som me meiner er ekstra grunnleggjande for utviklinga i komande planperiode, og som me omtalar særskilt. Fleire kunne vore omtalt meir her, som Regionalplan for areal og transport i Ryfylke, Regionalplan for byggeråstoff, Regionalplan for havbruk, Heiplanen for Setesdal vesthei/Ryfylkeheiene og Norsk sti og løypeplan. Dei høyrer definitivt til blant dei grunnleggjande ramene for kommuneplanarbeidet.

Utanom statleg/regionale føringar, er tema som me vel å gå særskilt inn på i dette kapitlet store hendingar på samferdselsida, kommuneøkonomi og ressursane våre. Noko av dette kjem me også attende til i kap 5.

03.1 Ryfast og andre viktige samferdseltiltak

Søre del av Hjelmeland vert landfast med Nord-Jæren ved slutten av 2019, når Ryfast vert opna. Nordre del er allereie landfast med Haugalandet etter opninga av Sandsfjord bru i 2015. Reisetida til Stavanger sentrum er ved etablering av fastlandssamband kraftig forkorta, til ein time frå Hjelmeland sentrum.

I Nasjonal Transportplan fram til 2030 ligg tunnel frå Tysdal til Svadberg i Årdal inne. Det betyr ei ytterlegare innkorting i reisetid på mellom 5 og 10 minutt til Tau og Stavanger sentrum.

Frå 2021 kjem det heilt nye nullutsleppsferjer i dette Jøsenfjordsambandet. Før Rogfast er etablert reknar Staten vegvesen med ein årleg transportauke på 4,4% i Jøsenfjordsambandet. Etter at Rogfast er etablert vil auken bli noko mindre.

Ryfylkevegen frå Oanes til Røldal er ved inngangen til planperioden del av Nasjonal turistveg.

Desse milepælane på samferdselsfronten kan gjera Hjelmeland meir attraktiv for å bu, etablere næring i, ha hytte i og elles å reisa til.

Dette betyr at me må

- Vera pådrivar for godt vegnett og gode kollektivordningar pluss gode parkeringstilhøve ved overgang mellom bil og kollektivtransport.
- Vera aktive i høve til næringsutvikling og bulyst
- Vera pådrivar for å byggja vidare ut utsleppsfrie energikjelder for persontransport
- Vera pådrivar for ferjefri kryssing av Jøsenfjorden
- Vera pådrivar for saumlause kollektivløysingar på land og sjø inn til og gjennom kommunen, med løysingar som og er attraktive for turistar

03.2 Økonomi

Ein sunn økonomi er ein føresetnad for at kommunen også i framtida kan vera ein utviklingsaktør i lokalsamfunnet. Me må skaffa oss handlefridom. For å oppnå handlefridom er det hensiktsmessig å følgja råd som KS gir kommunar. Her er netto driftsresultat og gjeldsgrad viktige indikatorar. Effektiv drift er også eit middel for å oppnå handelfridom. . KS sitt effektivitetsbarometer ein indikator

Dette betyr: Netto driftsresultat bør ikkje være under 2 % frå 2021.

Kommunen er i øvre halvdel av KS sitt effektivitetsbarometer kvart år frå 2021.

Heiltidskulturen er viktig for effektiviseringsarbeidet i organisasjonen

Hjelmeland kommune har behov for midlar til å leggja til rette for næringsutvikling. Per dato har me eit fond, det såkalla kraftfondet. Det er indikator i kor mykje av det som blir brukt som eit næringsfond med kommunestyret som fondsstyre.

Dette betyr: Kvart år frå 2020 skal 50% av fondsmidlane nyttast til næringsaktivitet bestemt av kommunestyret som fondsstyre.

03.3 Beredskap og ROS

Hjelmeland har ved inngangen til planperioden ein beredskapsplan vedteken i kommunestyret sak 66/16, med tilhøyrande heilskapleg ROS-analyse. Denne heilskaplege ROS-analysen er lagt til grunn ved utarbeiding av kommuneplanen (dokument E)

Oppdatert heilskapleg ROS-analyse skal alltid leggjast til grunn ved utarbeiding av arealplanar. Beredskapsarbeid er ein viktig del av trekantsamarbeidet mellom offentleg, næringsliv og frivillig sektor, jamfør satsingsområde 1. Nye forhold må innarbeidast ved revisjon av heilskapleg ROS-analyse, som risiko knytt til dyresjukdomer, hydrogenferje, endra kommunegrenser og opninga av Ryfast.

Dette betyr:

- Fortløpande kartlegging av risiko og sårbarheit, med spesiell vekt på nye forhold/konsekvensen av Ryfast
- Ajourført beredskapsplan og jamlege øvingar for å kunne takla kriser som oppstår
- Systematisk samarbeid med næringsliv og frivillig sektor for å ha eit større apparat å samarbeida med når kriser oppstår, jamfør også frivilligstrategi.
-



Over: Flaumsituasjonar vil koma oftare i framtida. Her frå Ullaelva ved Langemo i Jøsenfjorden

03.4 Folkehelse og barnekonvensjonen

Lov om folkehelse og FN sin barnekonvensjon skal vera ein grunnleggjande faktor for den kommunale verksemda. Gjennom «Partnerskap for folkehelse» og «Sjumilssteget har Hjelmeland arbeidd særleg med desse tema. Dette arbeidet legg vekt på å visa at det offentlege ansvaret for born si oppvekst ikkje berre handlar om skule og barnehage, men korleis me innrettar samfunnet totalt sett. Tverretatleg arbeid, og gode lokalsamfunn er viktige nøklar for å følgja opp mål for folkehelse og oppvekst. Gode oppvekstvilkår er også viktige for nyrekruttering.

Dette betyr:

- folkehelseperspektiv i alt me gjer
- Kompetansebygging for mangfald og inkludering

- Aktive innbyggjarar
- Innsats i høve til kartlagde risikofaktorar, jamfør systematisk oversiktsarbeid'
- Arbeid tverrfagleg i høve til utsette grupper Følgja opp Barnetråkkregistreringane
- Vidareføra tverretatleg samarbeid.
- Følgja opp barnetråkkregistreringar
- Driva haldningsskapande arbeid og leggja til rette for trafikktryggleik i alle einingar
- Tilrettelegging for mjuke trafikantar
- Omtala konsekvens for born/unge i kommunal saksbehandling
- Barnehagar og skular skal bidra til å utjamne sosiale forskjellar
- Medverknad frå born og unge gjennom m.a. barn og ungdomens kommunestyre og ungdomsråd
- Fleire uformelle møteplassar, systematisk arbeid for inkludering av alle i lokalsamfunnet
-



Foto: Nye innbyggjarar frå fleire verdsdelar er med på å byggja samfunnet vårt lokalt.

03.5 Næringsliv og naturressursar

Frå naturen si side byr kommunen vår på store ressursar i form av sjø, vatn, jord, skog, stein og fjell. Dei største næringane våre er naturbaserte; havbruk, landbruk, produksjon av byggeråstoff og kraft. Naturkvalitetane er også ein viktig grunn til at folk vel å vera bufaste eller ha hytte her, og gir grunnlagt for vidareutvikling av ei veksande næring; reiseliv. Dei store næringane gir også grobotn for viktige handels og servicebedrifter i miljøet rundt, som til dømes samlinga av landbruksrelaterte bedrifter i Årdal. Dei store næringane gir også grobotn for innovasjon og nye produkt, som postsmoltanlegg og straumgjerde for lakselus.

Dette betyr: Me må ta vare på produksjonsgrunnlaget og naturkvalitetane. Det vert her særleg vist til jordvernstrategi og til vassdirektivet

03.6 Klimaomstilling/Det grønne skiftet

Fram til 2030 har Noreg forplikta seg på store utsleppskutt, jamfør mellom anna Parisavtalen frå 2015 og Stortingsmelding 33 (2012-2013) «Klimatilpasning i Norge» er utgangspunktet for

klimaomstilling i kommunane.

Sitat frå meldinga:

Klimaendringenes lokale karakter plasserer kommunene i en førstelinje i møte med klimaendringene. Større og mer intense nedbørsmengder setter store krav til overvannshåndtering i byene, på grunn av mange tette flater på veier og plasser.For at kommunene skal kunne utføre oppgavene sine på en måte som sikrer robuste og bærekraftige lokalsamfunn i framtida, er det nødvendig at hensynet til et endret klima blir en integrert del av de kommunale ansvarsområdene.

Noreg skal innan 2030 kutte klimagassutslepp med minst 40% samanlikna med 1990, og vera karbonnøytralt innan 2050. Det norske samfunnet stå her ovafor store omstillingar. Utfordringane er todelte;

1. Å finna måtar å kutta utslepp på for å avgrensa klimaendringane
2. Å gjennomføra kompensande tiltak for å unngå for stor skadeverknad av dei endringane som uansett skjer.

Dette betyr for oss (Sjå også avsnitt om det grønne s

- leggja til rette for nullutsleppsferjer (elektrisk/hydrogen) frå 2021 (minus 4000t CO2 årleg)
- Leggja om til meir miljøvenleg transport, fokus på tettstadsutvikling
- Bidra til skogplanting, vidareføra satsing på klimaskog
- Førebygga skade ved å ta klimaomsyn i samband med utarbeiding av nye arealplanar. Særleg fokus på flaumførebygging og handtering av overvatn.
- Vera pådrivar for å byggja ut infrastruktur for utsleppsfri energi
- Redusere klimagassutslepp gjennom rasjonell utnytting av energiresursar og infrastruktur.
- God areal- og transportplanlegging med krav til utbygging av ladestruktur. Effektivisere eige energiforbruk
- Legge til rette for gode energiløysningar for industri og bygningar
- Arbeide for betre rammevilkår for produksjon av miljøvenleg drivstoff og anna energi. Arbeida for bruk av avfall/restråstoff frå havbruk og landbruk inn i dette.
- Engasjement i høve til mogleg produksjon og bruk av hydrogen



Over: Frå 2021 skal det gårs utsleppsfrie ferjer mellom Hjelmeland, Nesvik og Skipavik

3.7 Overføring av Ombo til Nye Stavanger

I desember 2018 fatta Kommunaldepartementet vedtak om at Hjelmelandsdelen av Ombo frå 1.1.2020 skal overførast til Nye Stavanger. Det betyr også at ein stor del av fjordområdet rundt øya vert overført til den nye kommunen. Tap av innbyggjarar og areal betyr færre inntekter.

Dette vedtaket kom så seint i prosessen at ein berre har gjort marginale endringar i plandokumentet som følgje av det.

3.8 Vassdirektivet

Vassdirektivet trådte i kraft i EU 22. desember 2000. Hovudformålet er å «sikre beskyttelse og bærekraftig bruk av vannmiljøet, og om nødvendig iverksette forebyggende eller forbedrende miljøtiltak for å sikre miljøtilstanden i ferskvann, grunnvann og kystvann». Det skal setjast miljømål som skal være konkrete og målbare. Forvaltninga av vatn skal være heilskapleg frå fjell til fjord, samordna på tvers av sektorar, systematisk, kunnskapsbasert, og tilrettelagt for brei medverknad.

Hjelmeland høyrer til Ryfylke vassområde og vassregion Rogaland. Det vert arbeidd systematisk for å betra vasskvaliteten. Regionalplan for vassforvaltning 2016-2021 med tilhøyrande tiltaksprogram. Ein stor del av planlagde tiltak som kommunen har ansvar for handlar om problemkartlegging og kunnskapsinnhenting. Mange planlagde tiltak er allereie gjennomført.

Vannkraftutbygging er den påverknaden som i størst grad påverkar vatnet og vanntilstand i flest vannførekomstar i Hjelmeland. For Årdalsvassdraget blei det gitt ny konsesjon etter miljørevisjon i 2015. For Ulla-Førre-anlegga har kommunane sendt inn krav om miljørevisjon i 2018.

Dette betyr for oss:

- Vurdera verknad for vassområdet i samband med saksbehandling
- Delta aktivt i arbeidet for å betra tilstanden i tråd med regionalplanen
- Kommunen skal særleg prioritera å følgja opp arbeidet med miljørevisjon av Ulla-Førre-konsesjonen.
- Følgja opp arbeidet med vidare miljø- og biotopforbetringstiltak i Årdalsvassdraget.

04 VISJON OG HOVUDMÅL

04.1 Visjon

Visjon: «Hjelmeland Naturlegvis»

«Hjelmeland Naturlegvis» har sidan 2011 vore kommunen sin visjon, og blir eit innarbeidd slagord. Me signaliserer at me ynskjer å bruka natur og naturressursane til næring, rekreasjon og bukvalitet. Me ynskjer også å visa at Hjelmeland skal vera eit naturleg val for å bu, arbeida og besøkje.

Næringslivet operer lokalt og globalt, men byggjer i stort mon på lokale naturressursar. Kveite og jærstol er døme på signaturprodukta som vert knytte opp til Hjelmeland Naturlegvis. Naturen er basis for ei ny vekstnæring; reiseliv.

Innbyggjarane set stor pris på naturen vår; Hjelmeland er ved inngongen til planperioden den kommunen i landet som har størst tal medlemmer i Den Norske Turistforening i høve til folketalet.

I planperioden skal samfunnet endrast i ein meir klimavenleg retning, mellom anna gjennom med etablering av det fyrste hydrogenbaserte ferjedrifta i verda - i Hjelmeland – naturlegvis.

Kommunen har også ein unik kulturarv som gir grunnlag for utvikling av gode lokalsamfunn med kvalitet, identitet og særpreg. Ei befolkning med internasjonal breidde og stort engasjement har funne Hjelmeland som deira naturlege val med omsyn til stad å busetja seg.

Over 250km² av kommunen sitt areal er varig verna på grunn av naturkvalitet. I Vormedalsheia landskapsvernområde ligg Ritlandskrateret, det eine av to kjende meteorittkrater i Noreg. Og aust i heia finn me den sørlegaste villreinstammen i Europa.

For mange er Hjelmeland synonymt med natur og naturmangfald. Kartlegging av naturmangfaldet pågår kontinuerleg. Den samla naturarven er noko me må behandla med respekt og varsemd for å ta vare på for framtida.

Landbruket har forma Hjelmeland gjennom alle år, og vil gjera det også i framtida. Å ta vare på produksjonsgrunnlaget i form av dyrka jord er heilt nødvendig. Det same gjeld sjøareala, der opprett og fiskeri er basis for matproduksjonen.

04.2 Hovudmål

Hovudmål: Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn

04.3 Satsingsområde

Satsingsområde 1: Vidareutvikla «trekantsamarbeidet» offentlig, privat og frivillig sektor for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet

Satsingsområde 2: Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar og der reiseliv vert særskilt vektlagt

Satsingsområde 3: Lokalsamfunnsutvikling på ein slik måte at det er mogleg å byggja og bu i bygda for alle generasjonar, samstundes med ei særleg satsing på tettstadsutvikling



Over: Felles innsats for eit finare sentrum!



Over: Digitalisering og digital kompetanse er viktige stikkord

05 NÆRARE OM SATSINGSOMRÅDA

05.1 Satsingsområde 1 – «Trekantsamarbeidet»

Satsingsområde 1: Vidareutvikla «trekantsamarbeidet» offentleg, privat og frivillig sektor for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet

Gjennom planprosessen har kommunen lagt vinn på å involvera både næringsliv og frivillig sektor i felles tenking for korleis me kan byggja opp om lokalsamfunnet saman. Det er laga ein eigen frivilligstrategi (dok I). Me er gjensidig avhengige av kvarandre.

Kvar for oss er næringsliv, frivillig sektor og offentleg sektor viktige drivarar i lokalmiljø. Ved å jobba meir på tvers og sjå ting i ein større samanheng kan me oppnå ein større meirverdi for alle. Viktige stikkord er inkludering av nye innbyggjarar, og det å løysa utfordringar i lag. Folketalet er ein kritisk faktor både på grendenivå og på kommunenivå. Me treng rekruttering både til bumiljø, næringsliv og frivillig verksemd. Me kan bruka erfaring med involvering av fleire partar frå tettstadsprosjektet Vågen360 til kontinuerleg arbeid med stedsutvikling knytt til dei andre tettstadene og grendene.

05.1.1 Eit inkluderande samfunn

Hjelmeland er ein kommune med stor breidde i folkesamansetnaden. Me vil vera eit ope samfunn som arbeider saman for å gjera flest mogleg av fast busette, tilflyttarar og fritidsbuande til aktive deltakarar.

Slik gjer me det:

- Det kommunale apparatet skal opptre ope og inkluderande, og leggja vinn på å skapa møteplassar på tvers. Me ynskjer tilflyttarar og fritidsbuande velkomen
- Å skapa møteplassar på tvers må gjerne skje i samarbeid med næringslivet
- Kommunen skal vera aktiv i høve til informasjon og kommunikasjon gjennom fleire kanalar og på fleire språk
- Vera pådrivar for å få på plass gode kollektivløysingar
- Satsa på helsefremmande og førebyggjande tiltak for den aukande gruppa av eldre
- Leggja særleg til rette for møteplassar for ungdom og folk i etableringsfasen
- Ha fokus på universell utforming i eksisterande bygg
- Kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar
- Bruka kulturarven til å skapa felles opplevingar i det offentlege rom

05.1.2 Frivilligarbeid

Hjelmeland kommune vil leggja til rette for ein frivillig sektor med stort mangfald i lagsliv og breitt engasjement. Kommunen har slutta seg til dei 10 frivilligpolitiske boda utarbeid av Frivillighet Norge, og har utarbeidd eigen frivilligstrategi (dok I)

Slik gjer me det (sjå Frivilligstrategi for Hjelmeland kommune vedteke hausten 2017 for meir utfyllande politikk):

- Me vil bidra til å synleggjera den aktiviteten som finst

- Me vil leggja til rette for at lag og foreiningar skal kunne nytta kommunale bygg til sine aktivitetar.
- Me vil leggja til rette for regelmessig kontakt med grendeutval både gjennom felles treffpunkt for alle utvala, og gjennom kontakt knytt til det enkelte geografiske området. Alle kommunale einingar har ansvar for å gjera seg kjent med sitt nærmiljø og invitera til samspel der det er aktuelt
- Samarbeid med frivillig sektor for vidare utvikling av attraktive lokalsamfunn

05.1.3 Lokal handel

Attraktive lokalsamfunn er avhengig av eit visst utbod av lokale tenesteleverandørar, i tillegg til kommunale tenester, næringsliv og frivillig sektor. Lokale butikkar, handtverkarar og transportleverandørar gjer livet enklare for folk flest å kunne bu utafor dei store byane.

Daglegvarehandelen er der me heng opp plakatan om eldretreff og korøving (i tillegg til at dei vert delte på nettet), og det er der me treff kjende og feriegjester. Kunnskap om kva tenester som faktisk finst lokalt, er av og til mangelvare. Mange gode arrangement vert skapt i eit samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor, som td Norsk frukt og laksefest.

Slik gjer me det:

- Halda fram og utvikla samarbeid på tvers av samfunnssektorane
- Leggja til rette for arenaer der næringsliv og frivillig sektor kan presentera seg for lokalmiljø og tilreisande
- Samarbeida om informasjon til besøkande, fritidsbuande og fastbuande, td ved vidareføring av turistkart
- Arbeida for digitale løysingar for å informera, og å gjera hyttefolk/tilreisande til ei langt større kundegruppe enn i dag.
- Invitera til samarbeid med lokalt næringsliv for å skapa felles opplevingar i det offentleg rom

05.2 Satsingsområde 2 - Næringsutvikling

Satsingsområde 2: Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar og der reiseliv vert særskilt vektlagt.

Kommunen har eit næringsliv med dyktige aktørar og gode signaturprodukt, og som leverer varer både lokalt og til heile verda. Havbruk, landbruk og bergverk saman med resten av næringslivet er vesentleg drivarar. At næringslivet er aktivt, er ein føresetnad for å få til auke i folketalet. Næringslivet er også ein del av reisemålet Hjelmeland, med interessante produkt og produksjonsmåtar, og set sitt tydelege preg på landskapet. Nye produksjonsmetodar og nye produktidear krev kontinuerleg kompetanseutvikling.

Me samarbeider regionalt om tilrettelegging for næringslivet, mellom anna via Reisemål Ryfylke, Greater Stavanger, Ryfylke IKS og Bedriftsutvikling i Ytre Ryfylke. Me har slutta oss til Greater Stavanger sin strategiske næringsplan, som vert revidert jamleg. I plandokumentet deira for fyrste del av perioden fram til 2030 (handsama i formannskapet november 2017), vert det peika ut sju strategiske grep: 1)Kompetanse, 2)Digitalisering 3)Kapital, 4)Innovasjonsevne, 5)Attraktivitet og bærekraft, 6) Diversifisert næringsliv og 7)Nytte ledig kapasitet nå.

I tillegg til det eksisterande næringslivet må me vera opne for utvikling av nye næringar og etableringar. Det er også viktig å bli kjent med næringslivet på tvers, slik at ein kan samarbeida om rekruttering, digital innovasjon og kompetanseutvikling generelt.

Kommunen skal arbeida for effektiv samferdsle der RV13 inkludert ferjefir kryssing av Jøsenfjorden har prioritet.

05.2.1 Reiseliv

Reiseliv er den næringa med størst vekstpotensiale. Med store natur og kulturressursar, og med plassering mellom Preikestolen og Trolltunga, ynskjer me å setja Hjelmeland meir på kartet som destinasjon. Over 1500 hytteigarar er ein stor ressurs. I tillegg har me spennande reiselivsplanlegg som etterlyser meir heilårstilbod.

Fleire reisande etterspør rimelegare overnattingsløyser og aktivitetar. Me kan nytta erfaring frå tettstadsprosjektet Vågen360 til, i samarbeid med næringsliv og frivillig sektor, å vidareutvikla kvalitetar ved den enkelte grenda eller tettstaden.

Slik gjer me det:

- : Utvikla ein enkel plan for reiselivsutvikling, del av ny strategisk næringsplan- Nasjonal turistveg inngår som del av ramma.
- Støtta opp om ei vidare satsing på vertskapskultur i samarbeid med næringslivet, samarbeid om kompetanseretta kurs
- Leggja til rette for at hyttegjester og andre gjester kan vera aktive deltakara på det som skjer i lokalsamfunnet og nytta lokale tenester (sjå også 5.3)
- Prioritera lokal turistinformasjon i samarbeid med næringa/reiselivsorganisasjonane. I dette ligg også bruk av digitale løyser.
- Samhandla med frivillig sektor om tur og kulturtilbod. Utvikla Hjelmelandsvågen som eit startpunkt for natur, kultur og friluftsliv
- Tilrettelegging for kollektivtrafikk og anna persontransport (buss, sykkel mv)
- Tilrettelegging for enklare overnattingstilbod (camping, bubil)
- prioritering av tur/opplevingsløyser ut i frå kriteria som ivaretek både lokale behov og reiselivsbehov.
- Tilrettelegging og tydeleg påmerking av oppstillingsplassar for bubilar, og oppmerka/skilta generelle parkeringsplassar.
- Tilrettelegging av fleire toalett som er offentleg tilgjengelege i turistsesongen
- Tilrettelegging og tydeleg merking/skilting til utkikkspunkt/attraksjonar langs riksveg 13
- Systematisk samarbeid med næringsliv og frivillig sektor om utvikling av attraktive tettstader og grender.

05.2.2 Næringsareal og auka samhandling med næringslivet

Det skal til ei kvar tid vera tilgjengeleg næringsareal i kommunen. Det vert lagt vinn på å utvikla næringsklynger, og ei meir arealeffektiv bruk av næringsarealet. Dyrka jord er grunnlaget for næringsdrift, og me skal vera meir varsame med omdisponera denne.

Kommune og næringsliv har i mange samanhengar felles interesse i utvikling av løyser til beste for vårt område. For å få dette til, må det samhandlast mellom kommune og næringslivet sine

organisasjonar. Å ta vare på produksjonsgrunnlaget for mat på land og på sjø vert meir viktig enn nokon sinne.

Slik gjer me det:

- Vera pådrivar for meir attraktive næringsområde med høgare utnyttingsgrad. Aktiv bruk av tomteselskap.
- Kommunen skal ha ein administrativ ressurs øymerkt næringsutvikling
- Samhandla regionalt om næringsutvikling
- Utvikla ein strategi for systematisk samhandling mellom kommune og næringsliv/strategisk næringsplan (sjå også 5.1.3)
- Laga møteplassar der frivillig sektor og næringsliv kan møta kvarandre og kommunen
- Setja av tilstrekkeleg næringsareal for ulike føremål i arealdelen, også gjennom ny bruk og utviding av eksisterande byggeområde.
- Prioritera detaljregulering av område avsett til sentrumsutvikling
- Vurdera større område til td datasenterlokasjon
- Langsiktig disponering av næringsareal med særskilte omsyn ved bruk av sjønære industritomter. Meir detaljerte fristar for utbygging/disponering
- Ved bruk av dyrka mark til næring/industriareal bør jorda gjenbrukast
- Driftsbygningar i landbruket/LNF-område som er tekne ut av vanleg landbruksnæring, skal kunne nyttast til anna næring
- Vera pådrivar for aktiv bruk av nærings/industriareal i kommunen.
- Leggja til rette for at primærnæringane har gode rammevilkår.
- Leggja vinn på minimering av avfall, og bruk av restråstoff (sirkulærøkonomi).
- Ved bruk av dyrka mark til næring/industriareal bør jorda gjenbrukast/flyttast, eller tilsvarande areal nydyrkast.

05.2.3 Elnett og ladestruktur

Hjelmeland er ein netto eksportør av store mengder elkraft gjennom Ulla Førre, Lyse og mange småkraftverk. Til tross for gigantiske utbyggingsprosjekt siste halvdel av førre hundreår, er straumtilførselen til kommunen ei stor utfordring i dag. «Kortreist kraft» ikkje er tilgjengeleg på grunn av manglande tilførselsnett frå det sentrale linjenettet lengst aust i kommunen. Straumen går til utlandet og til Austlandet. For å klara omstilling til meir miljøvenleg produksjon, og for å få ei vidareutvikling av næringslivet, må det til ei oppgradering/ny utbygging av leidningsnettet. Det vil gi auka tilførsel av elkraft til våre område.

Slik gjer me det:

- Samarbeid regionalt og med næringslivet for å jobba fram auka kapasitet på elnettet og leveranse av kortreist kraft
- Leggja inn elnett-traseane (50kv og større) i arealdelen
- Oppgradering av straumnettet kan medføre nye kraftleidningstrasear og transformatorstasjonar. Kommunen skal vera pådrivar for å sikra nok tilgang på elkraft på kort og lang sikt. Dette er ei naudsynt for ei god samfunnsutvikling og sikra det grønne skiftet

05.2.4 Digital infrastruktur og vidare satsing på digitale tenester

Ei utbygging av den digitale infrastrukturen er nødvendig både for næringsliv, busetnad og offentlege tenester. Ei slik utbygging er ein viktig føresetnad for vidare effektivisering.

Slik gjer me det:

- Målretta innsats for utbygging av fibernett eller alternative digitale løysingar i heile kommunen
- Delvis utbygging i eigen regi
- Vera pådrivar for smartløysingar og kompetanseutvikling innafor dette feltet
- Gjennomgåande bruk av digitale løysingar i kommunal verksemd

05.2.5 Det grønne skiftet/klimaomstilling

Vidare omlegging til meir klimavenlege produksjon og transportmåtar vil vera nødvendig for å halda oppe konkurransekrafta. Miljøsertifisering er/blir ein føresetnad for å koma i marknadsposisjon. Nye produkt basert på restrådstoff og alternative energikjelder gir nye marknadsmulegheiter. Ny hydrogenferje gir Hjelmeland ei særstilling nasjonalt og internasjonalt dei næraste åra.

Slik gjer me det:

- Samarbeid med bedriftene om grøn kompetanse og sertifisering.
- Prioritera miljømoment i kommunale innkjøp
- Vera pådrivar for utbygging av grøn infrastruktur (hydrogen, ladestasjonar mv)
- Vera pådrivar for forsterking av forsyningsnettet til kommunen
- Leggja vinn på bruka energieffektive løysingar, nytta fjernvarme der det er aktuelt.
- Etablera ladepunkt i samband med kommunale bygg
- Fokus på sirkeløkonomi og bruk av restrådstoff.
- Delta i aktuelle nettverk og utviklingsprosjekt. Bidra til samhandling mellom bedrifter, og mellom næringsliv og kommune

05.3 Satsingsområde 3 -lokalsamfunnsutvikling

Satsingsområde 3: Lokalsamfunnsutvikling på ein slik måte at det er mogleg å byggja og bu i bygdene for alle generasjonar, samstundes med ei særleg satsing på tettstadsutvikling.

Ved etableringa av Sandsfjord bru, Ryfast og doble ferjer i Jøsenfjordsambandet er det blitt kortare reiseavstand inn og ut av kommunen. Bygdene våre er blitt meir knytte til både Stavanger og Haugalandet. Pendling vert enklare – begge vegar. Dermed vert det ennå viktigare enn før å ha attraktive lokalsamfunn som fristar folk til å busetja seg her. Me vil at heile kommunen skal vera i bruk også i framtida. Omlegging til miljøvenleg transport basert på utsleppsfri teknologi er ein føresetnad for å få dette til.

Lokal tenesteyting og tilrettelegging for lokal handel butikk gjer det enklare for dei som ikkje disponerer eigen bil å bu heime.

05.3.1 Bustadpolitikk

Folketalsutvikling er den mest kritiske faktoren for kommunen og bygdene. Me ønskjer å strekkja oss langt for å få til nødvendig fornying av bustadmassen, og leggja til rette for at nye kan busetja seg i bygdene. Dette for å vedlikehalde dei bumiljø som finst, og gjera det enklare for eldre å bu heime lengre. I tettstadsområda Fister, Hjelmeland og Årdal skal utbygging skje i felt og ved fortetting.

I resten av kommunen kan utbygging skje både i mindre felt og via spreidd busetting. Arealdelen gir føringar for kva vilkår som må oppfyllest for at spreidd bygging kan skje i tråd med plan, og kva som skal vektleggjast ved vurdering av dispensasjon. Sjå også planskildringa (Dok A) vedr. Prioriteringar i arealdelen.

Slik gjer me det:

- Felt og fortetting i tettstadane.
- Nyttareal som allereie er regulert til føremålet
- Vidareføra område for spreidd busetnad på vilkår
- Leggje til rette for bygging av leilighetsbygg
- Vektleggja løysingar for mjuke trafikantar og universell utforming
- Samarbeidsløysingar med næringslivet i samband med utbygging av kommunal eigedom for å sikra meir variert bustadstruktur.
- Arbeida for trygg infrastruktur, i samarbeid med andre styresmakter
- Universell tilrettelegging
- Ved bruk av dyrka mark til bustad og veg bør matjorda gjenbrukast /flyttast, eller tilsvarande areal nydyrkast.

05.3.2 Oppvekst, helse og omsorg

Oppvekst, helse og omsorg er dei største kommunale tenesteområda. Å yta profesjonelle tenester med kvalitet på desse felta er viktig for at kommunen skal vera attraktiv. Samstundes er det som skjer i regi av desse tenesteområda viktige faktorar for å bygga attraktive stader. Dei ulike einingane skal vera ressursar for kvarandre og for lokalsamfunnet der dei er, og samarbeida med frivillig sektor. Denne meirverdien er nødvendig å skapa for at me skal klara å løysa større utfordringar med avgrensa ressursar. Skal me rekruttera inn ny arbeidskraft ved behov, er det også viktig å vera kreative og inkluderande.

Det er viktig å leggje til rette for gode oppvekstvilkår. Det betyr å ha barnehagar og skular med god kvalitet og kompetanse, og som jobbar for barnet sitt beste. Relasjonskompetanse er vesentleg for å skape gode og trygge rammer. Den digitale samfunnsutviklinga krev barnehagar og skular som er digitalt kompetente, noko me må leggja til rette for.

På grunn av ei veksande eldregruppe vil me leggja til rette for at folk skal kunne bu heime lengst mogleg. Smartløysingar og digital infrastruktur må byggjast ut, og det må samarbeidast om kvardagsrehabilitering og førebygging.

Me er ein internasjonal kommune med stor del innbyggjarar med bakgrunn frå andre land. Dette krev særskilt merksemd i arbeidet på desse tenesteområda, og i arbeidet med informasjon generelt.

Slik gjer me det:

- Vidare satsing på heiltidskultur (unngå for mykje delstillingar)

- Leggja opp til fleirbruk og inkluderande arkitektur
- Systematisk kontakt mellom einingane (tverrfagleg/ tverretatleg samarbeid)
- Systematisk kontakt med frivillig sektor, jfr frivillig strategi. Samarbeid med frivillig sektor vil vera både vera nødvendig, viktig og sterkt ønskjeleg framover. Sjå også kap 5.3.7 (samskaping) og 5.1.1 (inkluderande samfunn)
- Auka satsing på smartløysingar
- Auka satsing på digitale verktøy i læringa, og kompetanseheving knytt til pedagogisk bruk av verktøya.
- Vidare fokus på å skape inkluderande og relasjonsbyggande miljø
- Kommunestyret skal minst ein gong i kvar periode (helst kvart andre år) ha temamøte innafor helse/omsorg og oppvekst
- Revisjon av gjeldande HO-planar og oppvekstplanar vert å vurdere i samband med utarbeiding av planstrategi kvar 4.år.
- Det skal vera eit eige råd/utval for menneske med nedsett funksjonsevne, og eit eige råd for eldre, samt ungdomsråd og barn og unges kommunestyre.

05.3.3 Kultur og kulturarv

Kulturaktivitetar og kulturbygging er nøklar til trivsel, identitet, å høyra til, og i å utvikla attraktive inkluderande lokalsamfunn. Frivilligstrategi legg opp til systematisk samhandling med frivillig sektor om dette.

Temaplanen for kulturminne og kulturarv (dok K) peikar på særleg viktige element i identitetsbygginga, og prioriterer: Næringslivshistorie, Jærstolar og sponkorger, Vigatunet og helletaka elles, Internasjonale Hjelmeland gjennom historia, Gamle ferdselsveggar med vekt på Prestavegen og Viglesdalsvegen, Sentrum (gamle Vågen, SEFRAK A, fellesskapen sine bygg) og sist: Generell styrking av kulturminnevernet. I arealdelen til kommuneplanen (dok C) er kulturminnevern eige tema.



Kulturminne og kulturarv er kjelder til mykje kreativitet og kjekke arrangement. Her frå Prestavegen ved Riskedalsvatnet 2016.

For unge som eldre er det viktig å kunne utvikla og dyrka interesser både aleine og ikkje minst saman med andre. Å leggja til rette for treffstader for ulike aldersgrupper, og gode arrangement, skapar trivsel i kvardagen og i lokalmiljø. Det er eit mål at unge vaksne, som er i etableringsfasen, ser Hjelmeland som ein attraktiv stad å slå seg til, her er fritidstilbod også vesentleg.

Slik gjer me det:

- kommunen si kultursatsing skal vera prega av samhandling med andre aktørar
- leggja vinn på å få tilflyttarar aktivt med
- fortsatt tilrettelegging for ei fysisk aktiv befolkning
- samarbeid mellom tenesteområda for aktivitetar for utsette grupper
- den frivillig innsatsen skal stimulerast og støttast
- følgja opp frivilligstrategien (jamfør avsnitt 5.1.1)
- følgja opp plan for kulturarv
- Særleg tilrettelegging for ungdom
- Kommunen si kultursatsing skal søkja å kopla næringsutvikling og kultursatsing betre saman som del av strategisk næringsplan
- Leggja til rette for offentlege kunstprosjekt, gjerne i samarbeid med lokale kunstnarar

Under: Uteliv i all slags vær. Frå Frukt og Laksefesten



05.3.4 Det grønne skiftet (sjå også 5.2.3-5)

I 2021 vert ferjesambandet over Jøsenfjorden utsleppsritt, noko som knyt Ombo og Jøsneset tett til sentrum også for framtida. Kommunen må i tillegg stå hardt på for å legge til rette for meir miljøvenleg persontrafikk i form av ladestasjonar/andre miljøvenlege energiformer. Døme på dette er tappestasjonar for hydrogen, og tilrettelegging for auka bruk av sykkel/elsykkel/elbil til dømes ved arbeidspendling.

Det må også leggjast til rette for bruk av miljøvenleg energi til oppvarming, og for energisparande løysingar ved utbygging av felt for bustad og hytter. Ei større variasjon i bustadtilfanget med auka satsing på leilegheiter vil vera nødvendig.

Slik gjer me det:

- Utbygging av stasjonar for forsyning av miljøvenleg energi (straum, hydrogen, andre energiformer)
- Fleire mindre bustadar
- tettare utbyggingsgrad i sentrumsområda
- Utbygging av gang/sykkelnett særleg i tettstadsområda, og i tilknytning til større arbeidsplassar

05.3.5 Tettstadsutvikling

Me vil vidareføra setninga frå sist kommuneplan: «Styrka kommunesenteret og dei to delsentraene med eit breiast mogleg service, kultur og fritidstilbod for dermed å styrke grendene». Me ønskjer i lag med frivillig og privat sektor å vidareutvikla eit meir attraktivt kommunesenter tilrettelagt for lokal handel, gode mobilitetsløysingar og stadeigen identitet. Resultatet av dette motivasjons og

analysearbeidet er nedfelt i justert arealplan for sentrum. Barnetråkk og anna innbyggjarinvolvering har allereie gitt idear til kva me må få til av kortsiktige og meir langsiktige tiltak.

Status som pilotkommune for tettstadutvikling i regi av Rogaland fylkeskommune (Vågen360) har gitt god drahjelp i dette arbeidet.

På sikt vil ein òg gjennomføra prosjekt for Fister og Årdal, herunder arbeid med avgrensing av lokale sentrumsfunksjonar, samt kontinuerleg arbeid for attraktive tettstader og grender i samarbeid med næringsliv og frivillig sektor.

0.5.3.6 Tettstadsutvikling Hjelmeland sentrum:

Slik gjer me det:

- utvikla kommunesenteret vidare med viktige fellesfunksjonar, og skal framstå som ein attraktiv tettstad godt tilrettelagt for buande og besøkjande.
- leggja til rette for utvikling av bustader og næringsliv, herunder særleg forretning, handtverk og reiseliv
- profilera produkt frå heile Hjelmeland kommune i sentrum, og gjera det til ein del av identiteten (frukt og laks, jærstol, naturstein mv)
- Hjelmelandsvågen skal vere knutepunkt og startpunkt for turar ut i nærmiljø, på fjorden og i heia. Samarbeid med SVR, turistforening, friluftsråd og andre aktuelle partar
- utvikla av kundesenter/bibliotek som møteplass og turistinformasjon
- etablera ny leikeplass i sentrum tilgjengeleg for alle, helst med ein tydeleg Hjelmelandsprofil, jfr m.a. KAP-rapport
- følgja opp kommuneplanen fortløpande med nødvendig reguleringsarbeid. Dette gjeld særleg områdeplan for sentrum og detaljplan for gangveg langs sjøen.
- gjere sentrum attraktivt for barn-og unge td ved å følgje opp Barnetråkk-registreringa systematisk
- utarbeide ein overordna plan/skisse for attraktive grønstrukturar og opphaldsområde i Hjelmelandsvågen, særskilt på kommunal eigedom
- I det vidare arbeidet med å realisera kommuneplanen, skal ein aktivt invitera og involvera ungdommane i å skissera og gje innspel til korleis sentrum kan bli endå meir attraktivt. Ungdomsrådet og Barn og unges kommunestyre er naturlege høyringspartar, men ein kan òg tenka andre arenaer for medverknad.

Bindeledd:

- Bindeledd på langs og tvers skal styrkast : dvs sjøpromenade mellom Vågen og Sande, og mellom denne og fylkesvegen/skuleområdet.

- Miljøfremjande tiltak langs fylkesveg og sjøpromenade med bindeledd skal prioriterast; som td betre forholda for gåande og syklande, og få på plass medviten og samanhengjande visuell profil.
- leggja til rette for trafikktrygg sykkelforbindelse mellom Nordbygda og skuleområdet via sjøpromenaden, jf arealdel
- reopna gjennomgang til/frå den gamle trehusbebyggelsen gjennom/rundt dagens bygdemuseum i Vågahuset. Etablera trapp mellom gangbrua og fylkesvegen.
- Markering og etablering av viktige møtepunkt, jfr KAP/MAD-rapport 2019 Temakart Møtepunkt
- bruke belysning som medvite verkty for å skape identitet og samanheng , jf Zeniskrapport om dette: Prioritera utvendig belysning av Spinneriet som fyrste tiltak. Barnetråkkregistrering: skuleveg Tuntlandsvegen
- utvikla området rundt elva og opp til Steinslandsvatnet til ein aktiv del av tettstaden.
- betre bruforbindelse over elva mot Nordbygda
- meir belysning på gangfelt, og gatebelysning lengre om nettene
- fleire boss-spenn der folk ferdast

Det grønne skiftet og grøn energi

- leggja til rette for det grønne skiftet, som etablering av sykkelstativ (elsykel og andre typer sykkel), ladepunkt, og utvikling av «Hydrogenbygda»
- leggja til rette for miljøvenleg internttransport i og ut av sentrum.
- forsøk med utleigeordningar for sykkel eller linande utsleppsfrie transportordningar
- få på plass ny trafostasjon ved fornying av elforsyning
- få på plass tilfredstillande digital infrastuktur
- ta vare på og utvikla eksisterande friluftsområde i Sandebukta
- utvikla ein samla parkeringsstrategi ved m.a å unngå nye store parkeringsflater på bakkenivå
- leggja til rette for at bussruta skal ha Vågenområdet som utgangspunkt også i framtida.

Kulturtiltak og breitt samarbeid

- halda fast på samarbeidet mellom næringsliv, det friviljuge og det offentlege. Vidareføra Vågen360-tenkinga med faste møtepunkt mellom næringsliv, kommune og frivillig sektor
- leggje særleg til rette for jamnleg bruk av sentrum til kulturarrangement ute/inne, jf Frukt og laks, tenning av julegran, sankefestival, fotballturnering, epledag mv. Dette skal skje i samarbeid med næringsliv og frivillig sektor.
- kommunale fellesinstitusjonar som ungdomsskule, idrettshall, kulturskule, helsehus og administrasjonsbygg, har eit særleg ansvar for å leggja til rette for heile kommunen
- oppgradera kjøkkenfunksjon i Spinneri og «Grønne rommet» for å leggja til rette for meirbruk

- byggja opp om eksisterande kulturarv og leggja til rette for auka opplevingsverdi

Tilrettelegging for besøkande

- utvikla ein reiselivsstrategi . Aktiv bruk av natur og kulturarv til å skapa interessant opplevingar.
- tilrettelegging av Hjelmelandsvågen som utgangspunkt for turar på Jøsenfjorden
- markere portalen til Hjelmeland ved rundkjøringa Sande tydelegare, og skape ledetrådar langs fylkesvegen innover mot Vågen. Innby reisande til å få lyst til å svinge av mot sentrum.
- medverka til at det skjer noko nytt og positivt kvart år (privat og eller offentleg regi)
- skape markant selfie-punkt i Hjelmelandsvågen anten ved Jærstolen eller anna stilisert kunstprosjekt, som td belyst stort leike-eple el.l Tips: Zenisk-rapport
- leggja meir til rette for utlån av utstyr til friluftsliv. Sykkelparkering under tak.
- vurderer nytt toalettanlegg
- vurderer tilrettelegging for badeanlegg ute (sjø/ferskvatn

Under: Gamle heradstova frå 1847, med helletak, ligg like ved fylkesvegen gjennom Hjelmeland sentrum



5.3.6 Idrett og fysisk aktivitet

Idrett og fysisk aktivitet er viktige karaktertrekk for Hjelmelandssamfunnet i dag. Stor frivillig innsats vert lagt ned for å halda dette apparatet i gong, både av idrettslag og av andre tilretteleggjarar som til dømes helselag og grendeutval. Vedlikehaldne anlegg og gode uteområde generelt gir attraktive lokalsamfunn. Nedslitne anlegg og leikeplassar vitnar om det motsette.

Større arrangement gir også «puls» inn i bygda/tettstaden, og skaper liv og røre. Rekruttering av nye eldsjeler, vedlikehald av eksisterande anlegg/uteområde, og etablering av nye anlegg er konkrete utfordringar.

Bruk av naturen «slik han er» er også eit godt utgangspunkt for aktivitet. Å få fysisk inaktive til å ta dei fyrste stega, har stor verdi for personleg helse og trivsel for den enkelte.

Slik gjer me det:

- Vidareføring av samarbeid om spelemiddel gjennom årleg revisjon av plan for idrett og anlegg
- Vidare merking og vedlikehald av turstiar i samarbeid med lag og organisasjonar
- Sjå anlegg for lek og trening som ein del av utviklinga av attraktive lokalsamfunn og tilrettelegging for reiseliv. Sjå særskilt på etablering av rulleskiløype i sentrum og mogleg tilrettelegging for skisport i heia vinterstid (Bjødnabu/Lyngsheia). Samarbeid med næringsliv/frivillig sektor er ein føresetnad.
- Laga plan for vedlikehald av uteområde – jamfør planstrategien 2016-2020. Noko oppgradering av badestranda på Sande, jfr Barnetråkk.
- Fysisk aktivitet og bruk av nærområde som strategi i høve til førebygging. Flest mogleg i aktivitet!
- Halda opp eit operativt symjebasseng størst mogleg del av året, gjerne i samarbeid med andre. Leggja til rette for at alle born og unge i kommunen får lik mulighet til å nytta dette
- Leggja til rette for gangtrasear og rundløyper med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur, samarbeid med foreningar og næringsliv
- Utarbeida sti og løypeplan i kommuneplanperioden



Mange friviljuge bidreg til fysisk aktivitet, ikkje minst for born og unge. Her frå sentralidrettsanlegget.

05.3.7 Samskaping/innbyggjarinvolvering

Kommunen sitt sentralforbund KS har lagt til rette for ei samfunnsutvikling der samarbeid med frivillig sektor blir tillagt stor vekt. Denne måten å drifta kommunar på, med utstrakt innbyggjarinvolvering, vert kalla «Kommune 3.0». Arbeidsforma vert kalla samskaping etter dansk «samskabelse». Hjelmeland kommune vil leggja til rette for at fleire oppgåver kan løysast i samarbeid med innbyggjarar og lag gjennom tett kontakt og oppgåvefordeling, med respekt for kvarande sine roller. Kommuneorganisasjonen skal utviklast i meir i retning av ein organisasjon som tek omgrepet medborgarskap på alvor.

Ein ønskjer også eit tettare samarbeid med næringslivet i høve til å løysa felles utfordringar til beste for lokalsamfunnet. Det kan gå på felles opplæringsbehov, eller finansiering av fellesgode. Saman utviklar me attraktive grender og tettstader.

Slik gjer me det:

- Samarbeid med frivillig sektor
- Læra meir om samskaping som arbeidsform og integrera dette i kommunal verksemd.
- Utvikla ein strategi for samhandling med næringslivet (sjå også 5.2.2)



Over: Frivillig innsats på Frukt og Laks – Hjelmeland bondelag. Under: Turstiar er typiske samarbeidstiltak med frivillig innsats.

